

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: tysdag 9. september 2014  
Tid: kl. 18.00  
Sted: Kårstørommet, Tysvær rådhus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: *tha.kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meinar seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunens nettside og på [www.kontrollutvalgene.no](http://www.kontrollutvalgene.no)

*Rådmannen er invitert/innkallast til å orientere i sak 17/14 og sak 18/14.*

---

#### Sakliste:

- 10/14 Godkjenning av protokoll frå møte 27.05.14
- 11/14 Referat- og orienteringssaker 09.09.14
- 12/14 Reglementet for kontrollutvalget – endring vedk. kap. 8 om høyring
- 13/14 Revisor si eigenerklæring 2014
- 14/13 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014
- 15/14 Budsjett 2015 - kontroll og tilsyn – kontrollutvalet si innstilling
- 16/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.14
- 17/14 Tilsvar – revisjonsbrev nr 2 om årsrekneskap 2013
- 18/14 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Budsjett – og økonomistyring i Tysvær kommune»
- 19/14 Invitasjon – selskapskontroll - Haugaland Kraft As og Haugaland Næringspark

#### Eventuelt

Aksdal, 02.09.14

Jakob Alstveit  
leiar (sign.)



Toril Hallsjø  
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)  
Revisor (møte- og talerett)  
Rådmann (invitert/innkallast)  
Varamedlemmer (til orientering)

<b>SAKSGANG</b>		
<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kontrollutvalet	09.09.14	<b>10/14</b>

<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	033	

## GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 27.05.14

**Vedlegg:** Protokoll 27.05.14

**Saksorientering:**

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 27.05.14 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Protokoll frå møte i Tysvær kontrollutval 27.05 14 blir godkjent slik den ligg føre.

Aksdal,02.09.14

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekretær

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag 27. mai 2014 blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Jakob Alstveit.

<b>MØTESTAD:</b>	Kårstørrommet, Tysvær rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.00 – kl. 17.50
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Jakob Alstveit (Sp), Laila R. Nemeth (A), Gunnar Egge (V), Randi I. Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Ingen
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekreter Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Roald Stakland, KPMG AS, Haugesund
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Personalsjef Kristin Helle i sak 8/14 pkt.11-13 Økonomisjef Tor Leif Helgesen og leiar økonomi drift Leni Christensen i sak 9/14
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### SAK 7/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.02.14

##### Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet blir godkjent slik han ligg føre.

##### Handsaming i kontrollutvalet 27.05.14:

Randi Rettedal ønskte inn meir om skifte av prosjekt i sak 4/14. Utvalet viste til at grunn til skifte var teke med og slutta seg til framlegg slike det var utforma.

##### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.14:

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 11.02.14 blir godkjent slik han ligg føre.*

## SAK 3/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 27.05.14

10. Kommunen sine heimesider og plasseringa av reguleringsplanane
11. Arbeidet med å redusere sjukefråværet v/personalsjef
12. Sjukefråværstatistikk 1. kvartal 2014
13. IA-Handlingsplan for Tysvær kommune 2014-2016
14. Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune juni 2014
15. Statusrapport pr. mai 2014
16. Protokoll - representantskapsmøte 21.04.14 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
17. Protokoll - representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
18. Protokoll - representantskapsmøte – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
19. Representantskapsmøte 21.05.14 – HIM IKS
20. Representantskapsmøte 28.05.14, kl. 12.00 – Krisesenter Vest IKS
21. Generalforsamling 02.06.14, kl. 15.00 – Haugaland Kraft AS
22. Møte i hamnerådet 28.05.14, kl. 15.30 – Karmsund Havnevesen IKS
23. Generalforsamling 17.06.14, kl. 15.00 – Haugalandspakken AS

### **Handsaming i kontrollutvalet 27.05.14:**

Utdelte viste fram kommunen sine heimesider på lerret og utvalet var nøgd med plasseringa. Personalsjef orienterte om sjukefråværet og revidert handlingsplan som følge av at ny IA-avtale. På spørsmål om kva tiltak som har vist god effekt, svara ho at dette arbeidet må det jobbast med kontinuerlig, men at god leiing er viktig for trivsel og det vert gitt opplæring. Det er også avtalt et møte med fastlegene i Tysvær som ledd i å betre kommunikasjonen. Utvalet var nøgd med orienteringa. Utdelte orienterte så om hovudtrekk fra representantskapsmøta. Økonomisjef opplyste at framtidig utbytte frå Haugaland Kraft til kommunane kan bli redusert då det er kome innspel om ny fordelingsmodell.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.14:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 10-23 til orientering.*

## SAK 9/13 UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP 2013

### **Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 27.05.14:**

Korrigert årsoppgjersbrev blei sendt ut pr e-post same dag som saksdokumenta, men var også lagt ut på bordet, saman med trykt utgåve av årsmeldinga.

Økonomisjefen orienterte om årsresultatet og bakgrunn for sine kommentarar. Han meinte framlegg til uttale ville gje feil melding til politikarane om det økonomiske handlingsrommet. Han ville også ha stroke orda «under tvil» i saksframleggget, sidan revisor hadde gjeve rein melding. Det vart en debatt rundt kva som var «rett» netto driftsresultat, 41 mill. eller 17,5 mill. kr. Revisor opplyste at han gav melding på grunnlag av tala frå Visma sitt økonomisystem og at 41 mill. kr er det som vil bli vidarerapportert til SSB.

Utvalet vart samd i at det i uttalen skulle takast med følgjande tillegg: ... eller korrigert netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som utgjer 2,1 % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).

Revisor gjekk igjennom korrigert årsoppgjersbrev, kor det var tatt opp fleire forhold knytte til rutinar og manglande dokumentasjon, samt feil vedk. avdrag på lån. Han meinte at desse var av ein så vesentleg karakter at dei straks trengte oppfølging og etter ein totalvurdering hadde han valt å ikkje ta etterhald i meldinga. Utvalet meinte at revisor si formulering heller burde vore nytta i saksframlegget enn «under tvil». Økonomisjef opplyste at dei tok merknadene på alvor og det allereie var avtalt møte i juni med revisjonen. Omlegging til privat revisjon hadde vore krevjande, då kultur og kommunikasjon var no ein annan enn tidligare.

Utvalet meinte økonomiavdelinga måtte sjå til å få på plass nye rutinar. Utvalet støtta framlegg til korrigert uttale og frist for tilbakemelding.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 27.05.14 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kontrollutval har følgjande kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek slik uttale:*

*Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,1 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 41 mill. kr (inkl. momskompensasjon for investeringar), som utgjer 4,6 % av driftsinntektene eller korrigert netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som utgjer 2,1 % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).*

*Kontrollutvalet vil peika på at revisor har under revisjonen registrert forhold som er av så vesentleg karakter at desse straks treng oppfølging frå leiinga.*

*Dette gjeld forhold som mangelfulle avstemmingar og/eller manglande dokumentasjon. Vidare er det peika på brot på anordningsprinsippet for avdrag på lån, og at kommunen ikkje har økonomireglement, osv.*

*Kontrollutvalet vil på vegne av kommunestyret be om tilbakemelding innan 01.09.14 på dei forhold som er tatt opp i korrigert årsoppgjerbrev og reknar med at forholda blir retta opp for årsrekneskapen for 2014.*

*Kontrollutvalet registrerer igjen at kommunen si lånegjeld er langt høgare enn det som er det tilrådde. Kontrollutvalet ber kommunestyret fortsatt ha fokus på kommunen si låneutvikling, sjølv om reell lånegjeld i % ikkje har auka.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2013, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2013 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksem for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet ytterlegare merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2013.*

*Kontrollutvalet meiner at i saksframlegget til sak 9/14 burde orda «etter ein totalvurdering» vore nytta framfor «under tvil».*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis merknadene i korrigert årsoppgjersbre/brev nr 2 er følgd opp.*

#### **EVENTUELTT**

Ingen saker blei meldt.

#### Neste møte

Neste møtedato er sett til tysdag **9. september**.

Aksdal, 27. mai 2014

Jakob Alstveit (sign.)  
Kontrollutvalsleiar



Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekreter

SAKSGANG		
Utvall	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	11/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

**REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.09.14****Vedlegg:**

- 24. Statusrapport pr. august 2014
- 25. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
- 26. Førbels rapport - tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
- 27. KS sitt brev til kommunane – vedk. det vidare arbeid med ein kommunereform

**Saksorientering:**

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Referatsakene nr 24 - 27 blir tatt til orientering.

Aksdal, 02.09.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekreterær



## Kontrollutvalet i Tysvær

### Statusoversikt august 2014

#### Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestiling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
«Budsjett – og økonomistyring»	11.02.14	200 timer	Ferdig rapport	KU 09.09.14	
<b>Selskapskontroller</b>					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	09.09.14, sak 19/14	38 timer (380 t.)		Februar 2015	
<b>Andre saker</b>					

#### Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Vedlikehald av komm. bygg og anlegg»	28.05.13, sak 16/13	12.11.13, sak 21/13	26.11.13 , sak 62/13	Hausten 2014 KU 11.11.14	
<b>Selskapskontroll</b>					
<b>Andre saker</b>					

#### Avslutta prosjekter pr. august

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	20.11.12, sak 23/12	08.12.12 Sak 91/12	I 4-års perioden	
<b>Selskapskontroll</b>					
Plan for selskapskontroll 2012- 2016	–	18.09.12, sak 18/12	08.12.12 sak 92/12	I 4-års perioden	
Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS	24.05.12 sak 11/12	05.0313, sak 3/13	19.03.13 sak /13	26.11.13, sak 61/13	
<b>Andre saker</b>					

PROTOKOLL FRA REPRESENTANTSKAPSMØTE I KRISESENTER VEST IKS,  
KI.12.00, 28.05.2014, I FORMANNSKAPSSALEN, HAUGESUND RÅDHUS.

TILSTEDE: REPRESENTANTER FRA EIERKOMMUNENE:

TYSVÆR

KARMØY

ETNE

UTSIRA

KVINNHERAD

VINDAFJORD

HAUGESUND

ULLENVANG

BØMLO

SULDAL

SAUDA

FULLMAKT GITT TIL HAUGESUND KOMMUNE, FRA

STORD

FITJAR

SVEIO

FULLMAKT GITT TIL ULLENVANG HERAD, FRA

ODDA

I tillegg møtte styrets leder og daglig leder.

Møteleder: Odd Henry Dahle.

SAK a GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

VALG AV REFERENT OG 2 TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN.

Innkalling og saksliste ble godkjent.

May Lise Skogøy ble valgt til referent . Jorunn Løklingholm , Bømlo, og Wictor Juul, Sauda, ble valgt til å underskrive protokollen.

Haugaland  
**Kontrollutvalgssekretariat IKS**  
Mottatt dato: 07.08.14  
Journalført: 14/249/0gh  
Arkivkode: 26

**SAK b ÅRSMELDING MED REVIDERT REGNSKAP.**

2

Årsmeldingen var sendt i posten, til rådmennene i eierkommunene.

Årsmelding og regnskap ble drøftet og godkjent.

**SAK c HONORAR TIL STYRET.**

Før saken ble drøftet stilte Thorbjørn Reisæter spørsmål om sin habilitet i denne saken,

Han var ikke inhabil.

Styrets forslag til honorar til styret ble godkjent.

**SAK d BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN**

Sakspapirene var sendt til rådmennene, i posten.

Daglig leder orienterte.

Representantskapet vedtok budsjett 2014 og økonomiplan.

**SAK e VALG AV MEDLEMMER TIL STYRET.**

Valgkomiteens forslag var ettersendt på mail.

Valgkomiteens leder, Kristian Birkeland orienterte.

Else Berit Helle, Elin Frønsdal, Ragnhild Bjerkvik og Leif Kongestøl var på valg.

Valgkomiteens forslag om gjenvalg for de som var på valg, ble vedtatt.

Valgkomiteens leder hadde bedt om at en annen ble valgt til hans plass i valgkomiteen.

Representantskapet valgte Øyvind Valen, Suldal, som ny leder av valgkomiteen.

Marit Dagestad, Odda og Trond Salmo, Fitjar, ble gjenvalet som medlemmer av valgkomiteen.

**SAK f VALG AV LEDER OG NESTLEDER TIL STYRET.**

Elin Frønsdal ble gjenvalet som leder og Morten Sørensen ble gjenvalet som nestleder.

Elin Frønsdal	Haugesund	leder	2 år
Morten Sørensen	Karmøy	nestleder	1 år
Else Berit Helle	Stord	styremedlem	2 år
Nina Iren Nesheim	Odda	styremedlem	1 år
Kjell-Magnar Mellesdal	Bømlo	styremedlem	1 år
Thorbjørn Reisæter	Ullensvang	vara	1 år
Leif Kongestøl	Kvinnherad	vara	1 år
Ragnhild Bjerkvik	Haugesund	vara	1 år

SAK g VALG AV REVISOR.

Styret hadde innstilt Apeland Revisjon. Styrets innstilling ble godkjent.

  
Jorunn Løklingholm

  
Wictor Juul



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Tysvær kommune  
Postboks 94  
5575 Aksdal

Dykkar ref.:

Vår dato: 30.06.2014  
Vår ref.: 2014/1776  
Arkivnr.: 350

TYSVÆR KOMMUNE	
Saksnr.:	Prosjektnr.:
2011/847	
02 JUL 2014	
Arkivkode:	Saksbeh.:
	B3K
Kopi til:	
LCO	

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Oversending av førebels rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 4. juni 2014

Fylkesmannen har lagt ved førebels rapport etter tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune.

Vi ber om at kommunen går gjennom rapporten og gir tilbakemelding om eventuelle feil eller manglar seinast 15. august 2014. Etter denne fristen vil vi sende endelig rapport.

Vi takkar for eit godt og konstruktivt samarbeid under tilsynet.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Grete Flåten på telefon 51 56 88 36 eller på e-post [grete.flaten@fylkesmannen.no](mailto:grete.flaten@fylkesmannen.no)

Med helsing

Lone M. Solheim  
avdelingsdirektør

Grete Flåten  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Vedlegg: 1

Saksbehandlar: Grete Flåten  
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36  
E-post: [fmrogfl@fylkesmannen.no](mailto:fmrogfl@fylkesmannen.no)



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

**Førerels rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap  
i Tysvær kommune 4. juni 2014**

Tidsrom for tilsynet: 2014

Kommunen si adresse: Tysvær kommune, postboks 94, 5575 Aksdal

Kontaktperson i kommunen: Linda Christine Olsen

Fylkesmannen sitt tilsynslag: Revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Grete Flåten

Dato for førebels rapport: 30. juni 2014

### **Samandrag**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Tysvær kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet avdekkja fire avvik og ein merknad:

#### **Avvik 1**

Tysvær kommune har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### **Avvik 2**

Tysvær kommune har ikkje med utgangspunkt i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen oppfyller derfor ikkje krava til dette i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### **Avvik 3**

Tysvær kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### **Avvik 4**

Tysvær kommune oppfyller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt til evaluering etter øvingar og til system for opplæring.

#### **Merknad**

Beredskapsplanen er stor i omfang, har mange gjentakingar og ein del forelda informasjon. Dette kan gjere det vanskeleg å finne raskt fram til relevant informasjon i ei krise.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudinntrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	5
6. Deltakarar i tilsynet .....	6

## **1. Bakgrunn for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Tysvær kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette
- evalueringar av hendingar og øvingar

## **2. Rammer for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsle blei sendt 6. februar 2014. Fylkesmannen har granska relevant dokumentasjon på førehand. På tilsynsdagen hadde Fylkesmannen opningsmøte, intervju med relevante personar i kommunen og sluttmøte.

Denne rapporten handlar om eventuelle avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av føresegndene i beredskapsplikta.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## **3. Hovudinntrykk**

Sjølv om kommunen har arbeidd med samfunnstryggleik og beredskap etter sist tilsyn er det eit stykke fram til at kommunen oppfyller krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Tysvær kommune har ikkje ein heilskapleg ROS-analyse. Dette trass i at kommunen fekk avvik også sist gong det var tilsyn i 2011. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen skal vere grunnlag for kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap. Dette gjeld så vel mål, planar og strategiar som kva tiltak kommunen må gjere anten førebyggjande eller for å redusera konsekvensane ved uønskte hendingar. Derfor må denne vere på plass.

Fylkesmannen meiner og at kommunen bør gjere beredskapsplanen meir oversiktleg, kortare og tydelegare slik at han blir eit formålstenleg verktøy når det skjer ei krise. Elles er det positivt at kommunen har fått på plass eit nærmare samarbeid med Kårstø og med nabokommunane.

Tysvær har utarbeidd ein årsplan i tillegg til at dei har mål og planar for samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunen har og kjøpt inn eit

nytt kvalitetssystem som skal sikre dette arbeidet. Desse tiltaka kan bidra til eit meir systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid i Tysvær kommune.

## 4. Resultat frå tilsynet

Følgjande avvik blei avdekkja i tilsynet med Tysvær kommune:

### Avvik 1

Tysvær kommune har ikkje ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i tråd med forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen har ingen heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Eit førebels utkast til analyse blei lagt fram i intervjuet på sjølve tilsynsdagen. Dette var for seint til at Fylkesmannen kunne vurdere utkastet som grunnlagsdokument for dette tilsynet.
- Kommunen har laga ei oversikt over definerte fare og ulykkeshendingar (DFU) i Tysvær. Desse skal vere utgangspunkt for den heilskaplege ROS-analysen. Fylkesmannen minner om at ein heilskapleg ROS og skal vere ein sårbarheitsanalyse. Det vil seie at sårbare samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur skal ha særleg merksemd. Det same gjeld ei vurdering av kor avhengige system og funksjonar er av kvarandre. Elles viser Fylkesmannen til krava i forskrifa.

### Avvik 2

Tysvær kommune har ikkje med utgangspunkt i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Kommunen oppfyller derfor ikkje krava til dette i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 3 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- I og med at Tysvær kommune manglar ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og tiltak knytt til denne, er dette ikkje mogleg å følgje opp denne i verksemda. Kommunen har likevel starta med ei meir systematisk tilnærming til samfunnstryggleik og beredskap. Dei har laga ein årsplan for dette arbeidet. Det er i tillegg mål, planar og nokre tiltak i samfunnsdelen i kommuneplanen. Likevel er fleire av desse tiltaka ikkje følgt opp sjølv om tidsfristar er sette.

### Avvik 3

Tysvær kommune sin overordna beredskapsplan oppfyller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*  
Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 4 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Tysvær har ikkje ein beredskapsplan som byggjer på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommunen skal dokumentere at relevante funn gjort i ROS-analysen blir følgt opp i beredskapsplanen. Både ressursliste, varslingsliste og planar for evakuering og befolkningsvarsling skal utarbeidast med utgangspunkt i risiko og sårbarheit som blir avdekkja i analysen.
- Det er vesentlege manglar i kommunen sine ressurslister. Når det gjeld eigne ressursar er det til dømes ikkje noko om alternativt kommunikasjonsutstyr, anleggsmaskinar, vasstankar, drivstofftankar, minibussar og liknande i lista. I oversikta over eksterne støttespelarar er ikkje Mattilsynet med. I tillegg er det lite konkret informasjon om kva ressursar Kårstø eller Heimevernet kan bidra med i ein krisesituasjon.

#### **Avvik 4**

Tysvær kommune oppfyller ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt til evaluering etter øvingar og til system for opplæring.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*  
Forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 7, 8 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Tysvær kommune kan ikkje dokumentere at dei har evaluert øvingar opp mot kommunen sine eigne mål for desse øvingane. Det har rett nok vore evalueringar etter øvingar kor Tysvær har vore med, men ingen eigne evalueringar retta mot eigen organisasjon.
- Tysvær har ikkje eit system for opplæring som sikrar at alle som har ei rolle og eit ansvar i kommunen si krisehandtering kjenner si rolle og har tilstrekkelige kvalifikasjonar.

#### **Merknad**

Beredskapsplanen er stor i omfang, har mange gjentakingar og til dels forelda informasjon. Dette kan gjøre det vanskeleg å finne raskt fram til relevant informasjon i ei krise.

## **5. Grunnlagsdokument**

Oversikt over dokumenter som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Tysvær:

- Organisasjonskart
- Organisasjonskart kriseleiing
- Kriseberedskapsplan, sist revidert 20. januar 2014
- Referat frå beredskapsmøte med Statoil Kårstø, Gassco, politiet, 110 sentralen, Bokn, Karmøy og Tysvær kommune 7. april 2014
- Årsplan kriseberedskap 2014, revidert 22. mai 2014
- Kommuneplanen 2012-2024 (samfunnsdel og arealdel), vedtatt 11. september 2012

- Planstrategi for Tysvær kommune 2013-2016, vedtatt i kommunestyret 18. juni 2013
- Planprogram for overordna planoppgåver i neste planperiode (2015-2017), vedtatt av kommunestyret 18. juni 2013
- Metode for KU og ROS i arealplanlegginga, sjekkliste
- Oversikt over DFU (definerte fare- og ulykkeshendingar) - del av arbeidet med heilskapleg ROS-analyse for Tysvær, 9. juli 2013
- Oversikt over DFU Kårstø, e-post sendt 28. september 2012 til Tysvær kommune
- Rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Tysvær kommune 14. juni 2011
- Korrespondanse mellom Tysvær og Fylkesmannen om oppfølginga av tilsynet 2011
- Nøkkeltal frå Tysvær, henta frå KOSTRA
- Diverse kart frå Temakart Rogaland

## 6. Deltakarar i tilsynet

I tabellen under er det oversikt over deltakar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

Namn	Funksjon /stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Harald Stakkestad	ordførar	X	X	X
Arvid Vallestad	rådmann	X	X	X
Linda Christine Olsen	beredskapskoordinator/ plansjef	X	X	X
Ingvar Frøyland	kultursjef/informasjons-ansvarlig	X	X	X
Bjørn Bruaset	konst. teknisk sjef/ seksjonsleiar areal, landbruk og miljø	X	X	X
Inger Teodora Kværnø	arealplanleggjar	X	X	X
Liv Jorunn Frønsdal	leiar fellessekretariatet/sekretær for kriselerdinga	X	X	X
Jorid Vea Isdahl	helse og førebyggningssjef	X		X
Kristin Helle	personal- og organisasjonssjef	X		X
Tor Leif Helgesen	økonomisjef			X
Annbjørg Lunde	omsorgssjef	X		

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Grete Flåten, revisor/seniorrådgivar



	Vår referanse:	HA
Kommunene i Rogaland	Arkivkode:	040
Rogaland fylkeskommune	Saksbehandler:	Helene Arholm
v/ordfører og rådmann	Deres referanse:	
	Dato:	05.08.2014

## **Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS medvirkning i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.**

### Bakgrunn

Det fremkommer av Prop. 95S (2013-2014) Kommuneproposisjonen 2015 at alle landets kommuner høsten 2014 vil inviteres til å delta i prosesser med sikte på å vurdere, og å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommuner. Fylkesmennene vil få ansvaret fra regjeringen for å igangsette disse prosessene. Regjeringen sier i proposisjonen at det er ønskelig at de regionale prosessene gjennomføres i et samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt, og varsler en egen invitasjon til KS om å delta i prosessene etter stortingsbehandling av proposisjonen. KS mottok en slik invitasjon fra Kommunal- og moderniseringsministeren 03.07.

KS styres av sine medlemmer på nasjonalt nivå av de medlemsvalgte organene hovedstyre og landsstyre, og regionalt av de medlemsvalgte fylkesstyrene.

KS ønsker i denne saken en særskilt medlemsforankring av vår deltagelse i det videre prosessarbeidet, og vil invitere til en politisk behandling i kommunen/fylkeskommunen av dette.

### KS prinsipielle syn på kommunereform

KS landsting i februar 2012 vedtok i en uttalelse at kommunegrenser kan endres ved gode lokale prosesser, at oppgavene må være avgjørende for kommunestrukturen og at kommunene selv må ha styrende innvirkning på prosessen.

KS landsstyre diskuterte regjeringens forslag til en kommunereform og invitasjonen til KS i sitt møte 28. mai i år, og fattet følgende enstemmige vedtak:

*«Landsstyret er positiv til at KS sentralt og regionalt tilrettelegger for og gir prosessveiledning i lokale prosesser og at dette gjøres i samarbeid med fylkesmannsembetene, i et likeverdig samarbeid. Det forutsettes at det er en gjensidig forståelse i dette samarbeidet for at kommunene selv styrer framdriften i prosessene, og definerer sine behov for veiledning og prosesstøtte»*

**Landsstyret anbefalte samtidig at fylkesstyrene ba kommunene gjennom lokale politiske vedtak å gi fylkesstyrene mandat til å gå inn i et slikt samarbeid om tilrettelegging av lokale prosesser. Dette vil tydeliggjøre at mens fylkesmennenes rolle i samarbeidet er definert av staten, er KS' rolle definert av kommunene.**

Resten av landsstyrets uttalelse er tilgjengelig på <http://www.ks.no/tema/Samfunn-og-demokrati1/Folkevalgportalen/Kommunestruktur/Landsstyreuttalelse-om-kommunereform/>

KS sitt fylkesstyre i Rogaland har vedtatt å følge opp Landsstyrets vedtak, og ønsker å be kommunene/fylkeskommunene i Rogaland om et slikt mandat, for å sikre en best mulig medlemsforankring av det arbeidet som skal gjøres fra høsten av.

#### Regieringens forslag og Stortingets behandling

Ifølge kommuneproposisjonen vil den organiserte prosessen starte i august 2014, og vil i hovedsak gå til kommunene fatter vedtak innen sommeren 2016. Vedtakene meldes til KMD via fylkesmannen, som også vil bli bedt om å gjøre en selvstendig vurdering.

Våren 2015 legges en stortingsmelding med forslag til nye oppgaver til robuste kommuner fram, og en samlet proposisjon om ny kommunestruktur vil fremmes for Stortinget våren 2017. De særskilte økonomiske virkemidlene i reformen vil gjelde for kommuner som det er fattet nasjonale vedtak for i løpet av reformperioden dvs innen 01.01.18. Iverksetting av sammenslåingene vil være senest 01.01.20.

Stortingets flertall sluttet seg til regieringens forslag til både fremdriftsplan og økonomiske virkemidler. De varslede initiativ vil derfor bli igangsatt fra regieringens side. Gjennom et forslag fremmet under stortingsdebatten 18. juni har også et flertall i Stortinget presisert at «*Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal ligge til eit folkevald regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar*».

Det er ikke etablert noe bredt flertall i Stortinget for den konkrete fremdriftsplanen og økonomiske virkemidler. Det vises til Innst. 300 S (2013-2014) for de enkelte partigrupperingers merknader:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/4/>

Et bredt flertall i Stortinget har imidlertid uttrykt støtte til igangsettingen av de lokale prosessene:

«*Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, er derfor positive til at alle landets kommuner høsten 2014 inviteres til å delta i prosesser med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommuner. Flertallet forventer at kommunene på en god måte fra starten av en slik prosess involverer innbyggere, organisasjoner og ansatte på en god måte. Slik involvering øker sannsynligheten for en best mulig prosess for lokalsamfunnet.*»

#### Premisser for KS medvirkning

KS har forutsatt at endringer i kommunestrukturen må bygge på lokale prosesser. KS skal ikke være pådriver for dette.

KS ønsker på medlemmenes premisser å legge til rette for lokale prosesser sammen

med fylkesmennene, men det er medlemmene selv som bestemmer hvem de vil ta initiativ til samtaler med. KS ønsker ikke å ta stilling til dette, hverken regionalt eller nasjonalt.

KS mener det vil være naturlig å bruke de etablerte KS arenaene - fylkesstyrene, fylkesmøtet, høstkonferansen osv. I en tidlig fase kan også andre arenaer som kommunene benytter brukes, f.eks regionråd, regionsamlinger. Egne temadager kan brukes. Kommunene selv må eie og styre prosessene, med bistand fra KS og fylkesmannen.

KS vil ivareta rollen som medlems- og interesseorganisasjon med fokus på rammevilkår, styrking av lokaldemokratiet, formidling av faktagrunnlag og tilrettelegging av arenaer for utvikling, kunnskapsdeling og erfaringsutveksling.

KS mener det er naturlig å se de kommunale og fylkeskommunale/regionale oppgaveporteføljene i sammenheng, og vil på nasjonalt nivå særlig arbeide videre med hvilke oppgaver som ut fra hensyn til nærhet til innbyggere, politisk folkevalgt forankring og effektiv oppgaveløsning kan flyttes til et av disse to nivåene, under forutsetning av fullfinansiering av nye oppgaver.

#### **Tilbakemelding fra kommunene og fylkeskommunene til KS**

Fylkesstyret i KS Rogaland ber den enkelte kommune og fylkeskommune behandle følgende punkt:

«\_\_\_\_\_ kommune/fylkeskommune gir sin tilslutning til at KS deltar som faglig tilrettelegger og koordinator for lokale/regionale prosesser i det kommunereformarbeidet regjeringen etter stortingsvedtak har invitert kommunene til. «

Vi håper flest mulig av dere ønsker å gi KS Rogaland et slikt mandat, og ber dere legge til rette for en rask behandling av saken. Vedtak sendes [ks-rogaland@ks.no](mailto:ks-rogaland@ks.no).

Vi gjør for ordens skyld oppmerksom på at forslag til vedtak er formulert felles for alle fylkesstyrer som ønsker å be om et slikt mandat.

Med vennlig hilsen  
KS Rogaland

Hilde Gunn Bjelde  
Styreleder

Helene Arholm  
Regiondirektør

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	12/14
Kommunestyret	23.09.14	
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø		033

## REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

- Vedlegg:**
1. Framlegg til nytt reglement for Tysvær kontrollutval
  2. Gjeldande reglement for Tysvær kontrollutval, vedtatt 2011
  3. Rettleiar for høyringar – Forum for kontroll og tilsyn (eige vedlegg)

**Saksorientering:**

Bakgrunn

Reglement for kontrollutvalet blei vedteken av Tysvær kommunestyre i møte 16.06.11, sak 33/11. Reglementet hadde bakgrunn i tilrådingar frå kommunaldepartementet si «Kontrollutvalgsbok» frå februar 2011 om at kommunane burde ha eigne reglement, og i ljos av det kommande kommunestyrevalet hausten 2011.

Kommunelova er seinare blitt endra i 2012 og 2013, som har fått innverknad på gjeldande reglement og som gjer at saka no vert lagt fram for kontrollutval og kommunestyre. I følgje departementet si rettleiar bør uansett reglementet gjennomgåast, og evt. bli revidert minimum ein gong i valperioden.

Gjeldande reglement følgjer som vedlegg 2 og er delt inn i 8 kapittel. Det omhandlar blant anna formål, val og samansetting, oppgåver, møte- og sakshandsaming og andre tilhøve. Framlegg til nytt reglement følgjer som vedlegg 1.

I Trondheim kommune hadde dei, på bakgrunn av eigne røynsler, utarbeidd eit reglement for opne høyring. Reglementet deira blei teke inn som kapittel 8, slik at kommunane på Haugalandet var i framkant i 2011 dersom ei slik spesiell sak skulle dukke opp kor utvalet ønska å nytte denne forma for informasjonsinnhenting.

Kva er høyring

I denne saka brukast omgrepene høyring der kontrollutvalet i møte skaffar seg informasjon i ei sak ved å be bestemde personar til å uttale seg munnleg, på spørsmål frå medlemmene. Høyringa skil seg frå den vanlege skriftlege saksførebuinga ved at den skjer i møte og i munnleg form.

Kontrollutvalet har ein rekke verkemiddel i arbeidet sitt og vide heimlar for å skaffe seg den informasjon som trengs for å klårlegge kontroll- og tilsynssaker. Kontrollutvalet må i kvart og eit tilfelle vurdere om ei sak i tilstrekkeleg grad kan klårleggast dersom ressursane ikkje strekkjer til eller er mangelfulle. Eventuelt må utvalet, i tilfelle tidsnok, og om naudsynt ta opp med kommunestyret om å få tilført ekstra midlar.

#### Informasjonsinnhenting

Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og kan iflg. koml § 77 "...hos kommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre oppgavene".

Kontrollutvalet har ulike måtar å skaffe seg informasjon på. Frå «verktøykassa» kan her nemnast med stikkord følgjande metodar (rankert etter kva som er minst og mest ressurskrevjande):

- informasjonsinnsamling av sekretariatet,
- orientering frå rådmann og andre tilsette i møte,
- undersøking/avgrensa undersøking av revisor,
- forvaltningsrevisjon innanfor eit område,
- selskapskontroll,
- granskning av eit spesielt tilfelle innanfor eit område eller
- høyring i regi av kontrollutvalet.

Frå dei kommunane som har gjennomført høyringer er røynsla at dette er svært krevjande å gjennomføre og avhengig av sakstype kan stille store krav til kontrollutval og sekretariat. Kontrollutvalet må halde fokus på kontrollperspektivet i slike saker, og ikkje la seg påverke av nokon som kan ønskje eit bestemt utfall av saka. Døme kan være påverknad frå ordførar, andre politikarar (posisjon/opposisjon), rådmann, personar i administrasjonen, presse eller andre. Det er også viktig for alle partar at høyringa er godt førebudd, går føre på ein profesjonell, ryddig og god måte, og at eventuell ugildskap blir avklart.

Normalt vil ein høyring være eit resultat av ei konkret kontroll- og tilsynssak som følger av revisjonsrapport eller er eit resultat av kontrollhandlingar utført av revisjonen, sekretariatet eller andre, ev. som eit ledd i kontrollutvalet sine planer for kontroll- og tilsynsarbeidet.

Den kan òg grunngjenvæst i tilhøve som medlemmene får kjennskap eller tar initiativ til å få undersøkt, eller det kjem oppmoding frå politisk hald til kontrollutvalet om å følgje opp eit sakstilfelle. Saka kan òg følge av hendingar i kommunen som har vakt merksam, tildøme gjennom medieoppslag, lesarinlegg og debatter i avis og sosiale media, som medlemmene ønskjer å få undersøkt nærmare.

#### Førebuing og viktige omsyn

Før kontrollutvalet bestemmer seg for bruk av høyring, må kontrollutvalet ta stilling til ein del prinsipielle tilhøve. Fyrst og fremst må det vere klårt kva **formålet** med høyringa er – kva er **meininga** og er det kontrollutvalet sjølv som kan avgjere (med vanleg fleirtall) om høyring skal gjennomførast?

Kven som kan inviterast/kallast inn til høyring, og kva som er avgrensingar /mogeleg høve knytte til dette, vil variere. Det er skilnad på om den inviterte/innkalla er tilsett i kommunen eller om det er ein politikar, og ikkje minst om kommunen er organisert etter formannskapsmodellen eller om den har ei parlamentarisk styreform. Nærare om dette og anna visast det til vedlagt rettleiar.

Avgrensingane knyter seg først og fremst til møte- og opplysningsplikt for tilsette i kommunen, dessutan om høyringa går for opne eller lukka dører.

Møte i folkevalde organ i kommunen er normalt opne, dvs. at informasjonen som blir brakt fram skal være tilgjengeleg for alle.

### Opne og lukka dører

Reglane for lukking av møte i folkevalde organ er heimla i kommunelova § 31. Dersom det vert lagd fram opplysningar undergjeven lovfesta teieplikt i møtet, skal det skje i lukka møte, jf. § 31 nr. 2 om teieplikt, der ein i tillegg til heimelen må vise til aktuell lov som krev teieplikt. Koml § 31 nr. 3 viser til saker av tenestleg karakter som alltid skal hansamast for lukka dører. Etter § 31 nr. 4 kan møtet lukkast når omsynet til personvern tilseier det, og § 31 nr. 5 når tungtvegande offentlege interesse tilseier lukking og opplysningane elles ville ha vore unntatt offentlighet etter offentleglova dersom de hadde stått i eit dokument.

### Veilederen «Høring i kontrollutvalget?»

Det er ikkje utarbeidd nokre sentrale retningslinjer for høyringar i kommunane. Både kontrollutvalets mandat og Stortingets reglement for høyringar gjer rett nok noko rettleiing. Dersom kontrollutvalet meiner at ein i ein gjeven situasjon kan tenkje seg å bruke høyring som eit verktøy, er det tilrådd at det ligg føre eit reglement. På denne bakgrunnen nedsette styret i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) i 2013 ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide ein rettleiar og framlegg til reglement. Rettleiaren var ferdig våren 2014 og er no overlevert Kommunelovutvalet for vidare vurdering i deira arbeid.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og endring av reglement må difor bli vedteke der. Dette for å legitimere kontrollutvalets bruk av verkemidlet og til at det internt i kommunen blir kjend at dette virkemidlet kan nyttast. Det kan fort bli mykje på ein gong dersom det skal utarbeidast nye retningslinjer, samstundes som ein sett i gang ein prosess med å gjennomføre ei høyring.

Kapittel 8 innehold litt om førebuingar som skal gjerast, kven som har plikt til å møte, kva for rettar den som møter har, praktisk gjennomføring, utspørjing osb. Arbeidsgruppas rettleiar og framlegg til reglement følgjer som vedlegg 3.

### Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet har vurdert det slik at arbeidsgruppas framlegg til nytt reglement no bør leggjast til grunn og at dette erstattar tidlegare reglement. Ny tekst under innleiing til kapittel 6 og heile kapittel 8 tek omsyn til den nye lovendringa for kontrollutval med omsyn til opne og lukka møte, som kom i 2013. Vidare er òg den innkalla si stilling ivaretake i nytt reglement.

Kommunestyret bør ta stilling til kor mange i kontrollutvalet som kan avgjere at det skal gjennomførast høring. I følge vedteke reglement pkt. 8.1 frå 2011 krev berre ein tredjedels fleirtal. Dette er likt Trondheim sitt reglement og dei fleste av kommunestyrrene på Haugalandet i 2011 har vedteke det same for sine kontrollutval.

I det oppdaterte reglementet er det no lagt inn at kontrollutvalet sjølv avgjer det med vanleg fleirtall om høring skal gjennomførast. Fleirtallsvedtak er i dag det vanlege i kommunale avgjerder, men det kan i denne type saker også vere argument som taler for både færre eller fleire stemmer ved voting. Dersom kostnadene til høring overstig utvalet sitt budsjett, må det uansett bli fremma sak til kommunestyret om tilleggsloeyving.

Vidare vert det gjort merksam på at dersom det er snakk om å nytte advokat eller andre hjelparar som utløyer honorar osb., bør dekning av utgifter avklarast som del av førebuinga til høyringa. Dette er da også tatt inn nytt kapittel 8.

**SEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

Tysvær kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Tysvær kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møte.

Innleiinga til kapittel 6 og kapittel om 8 om høring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Aksdal, 27.08.14

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekreter

# Reglement for Tysvær kontrollutval

Vedteke av Tysvær kommunestyre 16.06.11, sak 33/11, endra 23.09.14, sak xx/14

## VIRKEOMRÅDE

Lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedtatt av kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

## INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevja ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjera om vedtaket, jf. kommunelova § 76.

## 1. KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løypande tilsynet med forvaltninga, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av andre folkevalte organ.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer vert tilbydt, tilsvarande som for kommunestyret, deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring. For leiar gjeld det også deltaking på kommunen sine strategikonferansar.

## 2. FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad og at
- kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte.

### **3 VAL OG SAMANSETTING**

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiaren bør veljast frå eit av dei partia som utgjer opposisjonen. Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynne og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er òg styremedlemmer i communal eigde selskap, samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar.

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

### **4. GENERELL INSTRUKS**

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Tysvær kommune, jf reglement for kommunestyret, formannskap og faste utval.

#### ***4.1 Teieplikt***

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer skriv under eigen teieplikterklæring.

#### ***4.2 Etikk***

Utvalet skal ha fokus på kommunens sine etiske retningsliner og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppfordra til å la seg registrere i KS sitt styrevervregister.

### **5. OPPGÅVER**

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvaret for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 23.  
Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

#### ***5.1 Intern kontroll***

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

## **5.2 Årsrekneskap/årsmelding**

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannsskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

## **5.3 Forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemد basert på risiko- og vesentlegvurderinger. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

## **5.4 Selskapskontroll**

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

## **5.5 Gransking**

Kontrollutvalet skal kunne setje i verk gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar.

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

## **5.6 Orientering frå rådmannen**

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre tilsyn med forvaltninga be rådmannen orientere om aktuelle saker og tema.

## **6. MØTE OG SAKSHANDSAMING**

Møta i kontrollutvalet haldast for opne dører, jf. koml. § 31, såframt utvalet ikkje har vedteke noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningars som er underlagt teieplikt, jf § 31 nr 2.

### ***6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste***

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen får tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen bli orientert om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmekting når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitere eksterne personar for å opplyse eller orientere om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrift, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "Ikkje offentleg, jamfør off.lova." vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

### ***6.2 Møtestruktur***

Utvalet sin leiari er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemane er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.

### ***6.3 Habil /inhabil***

Kommunelova § 40 nr. 3 gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

### ***6.4 Melding frå utvalet***

Det skal førast møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for selskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte selskapskontollar,
- plan for forvaltningsrevisjon,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen.

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast ordførar.

### ***6.5 Oppfølging***

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltnings- revisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

### ***6.6 Fråseigner/uttale***

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

### ***6.7 Undersøking.***

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportere eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisionen, som på si side har plikt til å rapportere dette vidare til kontrollutvalet.

### ***6.8 Rapportering***

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneholder tilrådingar, samt at kontrollutvalet legg fram årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

## **7 ANDRE FORHOLD**

### ***7.1 Sekretariatet***

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og påleggja som utvalet gjev.

## **7.2 Bruk av sakkyndig hjelp**

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

## **7.3 Budsjett**

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

## **7.4 Møte- og talerett i kommunestyret**

Leieren og nestleieren har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

## **7.5 Informasjon**

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

## **7.6 Val av revisjonsordning**

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

## **7.7 Val av revisor**

Dersom kommunestyret vedtek å konkurranseutsette heile eller deler av revisjonen, gjer kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

# **8. HØYRING**

## **8.1 Virkeområde og føremål**

Kontrollutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærmare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

## **8.2 Førebuing av høyring**

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet venter å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekka ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuande møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuande møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjar under høyringa, jf. § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

### ***8.3 Den innkalla si stilling***

Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men rådmannen skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggast ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/ teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

### ***8.4 Gjennomføringa av høyringa***

Kontrollutvalet si leiari skal først orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Leiaren ser etter at spørsmåla held seg innanfor det tema som er definert, og at den innkalla si rettstryggleik blir ivareteke.

Før kontrollutvalet startar si utspørjing, skal den innkalla få inntil 10 minuttar til å gje si versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i så stor grad som det blir sett som naudsynt for å opplyse saka.

Høyringa byrjar med at valt hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemmene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølgje som dei ber om. Etter at utspørjinga er over, skal den innkalla få høve til å gje ei kort sluttcommentar.

Kontrollutvalet sine medlemmer skal ikkje ha meiningsutveksling under høyringa. Medlemmene skal heller ikkje kommentere dei svar som blir gjeve, anna enn der dette inngår som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmeleg åtferd eller spørsmål er ikkje tillate og skal påtalast av møteleiar.

Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal handsame den vidare framdrift, mellom anna framlegg om at høyringa skal avsluttast eller fortsette for lukka dører.

Kontrollutvalet kan berre ta imot teiepliktsopplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må kontrollutvalet sine medlemmer ikkje referere eller vise til opplysningar underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

#### ***8.5 Etterarbeid***

Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal ha høve til å uttale seg til rapporten, jf. koml § 77 nr. 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.

Rapporten oversendast kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling frå kontrollutvalet

### **9. IVERKSETJING**

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.

\*\*\*

# Reglement for Tysvær kontrollutval

Vedtatt av Tysvær kommunestyre 16.06.11, sak 33/11

## VIRKEOMRÅDE

Lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedtatt av kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

## INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltinga, og kan krevja ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjera om vedtaket, jf. kommunelova § 76.

## 1 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løpende tilsynet med forvaltinga, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer vert tilbydt, tilsvarande som for kommunestyret, deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring. For leiar gjeld det også deltaking på kommunen sine strategikonferansar.

## 2 FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgåver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltinga,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad
- kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte.

## **3 VAL OG SAMANSETTING**

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Utvalsleiaren bør veljast frå eit av dei partia som utgjer opposisjonen. Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynne og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er og styremedlemmer i kommunal eigde selskap samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar.

Kommunestyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

## **4 GENERELL INSTRUKS**

Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner og - så langt det høver - dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i Tysvær kommune, jf reglement for kommunestyret, formannskap og faste utval.

### ***4.1 Teieplikt***

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer skriv under eigen teieplikterklæring.

### ***4.2 Etikk***

Utvalet skal ha fokus på kommunens sine etiske retningsliner og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppfordra til å la seg registrere i KS sitt styrevervregister.

## **5 OPPGÅVER**

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvoaret for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova § 23.

Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

### ***5.1 Intern kontroll***

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internt kontrollopplegg, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

## **5.2 Årsrekneskap/årsmelding**

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapen, med kopi til formannskapet. Kopien må vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

## **5.3 Forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

## **5.4 Selskapskontroll**

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap.

## **5.5 Gransking**

Kontrollutvalet skal kunne iverksette gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

## **5.6 Orientering frå rådmannen**

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre tilsyn med forvaltninga be rådmannen orientere om aktuelle saker og tema.

## **6 MØTE OG SAKSHANDSAMING**

Møta i kontrollutvalet haldast for opne dører jf utvalet sitt vedtak 22.02.11, sak 7/11, såframt utvalet ikkje har vedteke noko anna, jf. forskrift §19

Dørene skal likevel stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt.

### ***6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste***

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen får tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og møter når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan verta innkalla til kontrollutvalet for å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrifter, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka "Ikkje offentleg, jamfør off.lova." vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

### ***6.2 Møtestruktur***

Utvalet sin leiari er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemene er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.

### ***6.3 Habil /inhabil***

Kommunelova § 40 nr. 3 gjeld og kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

### ***6.4 Melding frå utvalet***

Det skal førast møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlanga utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og bør vera sendt ut på førehand. Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstilingsrett, har verken administrasjonssjef eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultata av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for selskapskontroll,
- rapportar frå gjennomførte selskapskontroller,
- plan for forvaltningsrevisjon,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen.

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast ordførar.

### ***6.5 Oppfølging***

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltnings- revisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

### ***6.6 Fråseigner/uttale***

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

### ***6.7 Undersøking.***

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

### ***6.8 Rapportering***

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet avlegg årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

## **7 ANDRE FORHOLD**

### ***7.1 Sekretariat***

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utførar sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følga dei retningslinene og pålegg som utvalet gjev.

### ***7.2 Bruk av sakkyndig hjelp***

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

### **7.3 Budsjett**

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

### **7.4 Møte- og talerett i kommunestyret**

Leiaren og nestleiaren har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker vert handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møta, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

### **7.5 Informasjon**

Det er normalt leiar av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

### **7.6 Val av revisjonsordning**

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

### **7.7 Val av revisor**

Dersom kommunestyret vedtek å konkurranseutsette heile eller deler av revisjonen, føretak kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

## **8 OPNE HØYRINGAR**

### **8.1 Opne høyringar**

Kontrollutvalet kan holde høyringar innafor sitt ansvarsområde. Med høyring meinast eit møte i utvalet der det mottek munnlege forklaringar frå personar som er innkalla for å få klargjort ei spesiell sak eller saksområde. Høyringane vert halde i følgje reglement for kommunestyret, og etter desse reglane.

Ein tredjedel av utvalsmedlemmene kan bestemme at det skal haldast høyring.

Høyringa skal i utgangspunktet være open, men utvalet kan med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa kan være lukka, til døme som følgje av at dei som skal høyrast berre ønskjer å uttale seg i lukka møte. Utvalet kan berre ta imot teiepliktige opplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må utvalet sine medlemmene ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt teieplikt.

### **8.2 Føremål**

Føremålet med reglane er å sikre kontrollutvalet sin informasjonstrong, ei god framdrift i høyringa og å ivaretake den innkalla sin rettstryggleik.

### **8.3 Forebung av høyringa**

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet eit saksførebuande møte. På dette møtet skal utvalet gjennomgå kva problemstillingar som ein ønskjer å få belyst. Det skal vidare fastsetjast ein framdriftsplan for møtet som m.a. kan fastsetje taletid for den einskilde som er innkalla, rekkefølgje og hovudspørsmål.

På det saksførebuande møtet skal det veljast ein hovudutspørjar for høyringa.

#### **8.4 Den innkalla si stilling**

Innkallinga skal sendast i så god tid som mogeleg. Det skal opplysast om kva sak eller saksområde som er tema for høyringa, informerast om moglegheit til å reservere seg frå å møte for eksterne aktørar, og moglegheit for alle til å krevje å verta høyrd i lukka møte. Kopi av dette reglementet skal følgje innkallinga.

Den innkalla skal ha tilgong til utvalet sine saksdokument dersom desse ikkje er underlagt teieplikt.

Den innkalla har høve til å ha med seg medhjelpar(ar) og har rett til å konferere med medhjelpar(ar) før svar vert gjeve. Medhjelpar(ane) kan også supplere forklaringa.

Dei innkalla avgjer sjølv om dei vil svare på utvalet sine spørsmål, og kan be om å få gje forklaring for lukka dører. Dersom slik oppmodning vert sett fram, skal høyringa avbrytast og avgjerda takast i lukka møte.

#### **8.5 Gjennomføring av høyringa**

Utvalsleiar innleiar høyringa ved å orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Før utvalet startar utspørjinga skal den innkalla få høve til å gi ein framstilling av saka.

Etter at hovedutspørjar er ferdig med sine spørsmål, kan utvalsmedlemmene stille oppfølgingsspørsmål.

Den innkalla skal få høve til å samanfatte saka etter at utspørjinga er ferdig. Meiningsutveksling mellom utvalsmedlemmer skal ikkje finne stad under høyringa.

Det skal ikkje voterast eller treffast konklusjonar under høyringa. Utvalet avgjer i møte korleis opplysningane som kom fram under høyringa skal følgjast opp. Det skal først referat frå høyringa.

#### **8.6 Kunngjering**

Opne høyringar i kontrollutvalet skal kunngjerast.

### **9 IVERKSETJING**

Reglementet trer i kraft straks det er vedtatt.

\*\*\*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	13/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2014

**Vedlegg:** Revisor si eigenerklæring, dagsett 01.07.14

**Saksorientering:**

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som foretar revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærståande har ein slik tilknyting til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei begrensninger som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

**Vurdering:**

I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje **ein skriftleg eigenerklæring** av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Statsautorisert revisor Roald Stakland i KPMG gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noe som tilseier at han ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Tysvær kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Sveio kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland, KPMG AS til orientering.

Aksdal, 02.09.14

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekreter

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 01.07.14  
Journalført: 14/241 / tha  
Arkivkode: 216

## Tysvær kommune

### Egenvurdering av uavhengighet, jf forskrift om revisjon § 15

#### Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærmiljøet (ektefelle, samboer, nære slektinger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmekting for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

#### Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold

*Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonselskapet.*

Pkt. 2: Medlem i styrende organer

*Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.*

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

*Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.*

## Tysvær kommune

### Egenvurdering av uavhengighet, jf forskrift om revisjon § 15

#### Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærmiljøet (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

#### Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold

*Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisionselskapet.*

Pkt. 2: Medlem i styrende organer

*Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.*

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit

*Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.*

Pkt. 4: Nærstående

*Undertegnede har ingen nærstående som har slik tilknytning til Tysvær kommune at det kan svekke uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene*

Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet

*Undertegnede yter ikke rådgivnings- eller andre tjenester overfor Tysvær kommune som er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet*

Pkt. 6: Tjenester under Tysvær kommunes egne ledelses- og kontrolloppgaver

*Undertegnede yter ikke tjenester som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.*

Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige

*Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Tysvær kommune.*

Pkt. 8: Andre særegne forhold

*Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til min uavhengighet og objektivitet.*

Haugesund, 01.07.2014  
KPMG AS



Roald Stakland  
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utvål	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	14/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

**Kan bli behandla i lukka møte - Offl. § 24/KL § 31 nr 5**

## REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2014

**Vedlegg:** Revisjonsplan Tysvær kommune 2014 (vert ettersendt eller delt ut på møtet)

### Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapen. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne stadfeste rekneskapen.

Vedlagt følgjer KPMG sin revisjonsplan for Tysvær kommune, som viser korleis revisor planlegger årets og neste års revisjon for rekneskapsåret 2014.

Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, og vil ikkje bli lagt ut på kommunen sine nettsider, men berre bli sendt til kontrollutvalet og administrasjonen.

Revisor vil gje ein muntleg orientering til utvalet om hovedtrekka i arbeidet. Desse opplysningane som kjem fram i møtet kan vere unntatt offentlegheit og møte tkan difor bli lukka, jfr. i medhold av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Tysvær kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

Aksdal, 02.09.14

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	15/14
Kommunestyret	18.12.14	
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø		151

## BUDSJETT 2015 - KONTROLL OG TILSYN – KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

**Vedlegg:** Budsjettforslag 2015

### Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontrollutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde økonomiske forhold. Kontrollutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprosessar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfylling av alle faglege krav, og varetar grunnleggande rettstryggleiksomssyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av vedtaka.

Kontrollutvalet sitt ansvar er i fyrste rekke eit påsjåar-ansvar, og utvalet si rolle vil fyrst og fremst vere som bestillar. Ein viktig del av dette ansvaret vil vere å sjå til at bestillingane til revisor tilfredsstiller kommunen si trond til ein kvar tid.

Dersom kontrollutvalet ønskjer å gjere ei tilleggsbestilling hos revisor utover vedteken ramme, må utvalet be kommunestyret om ei høgare ramme.

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjettetthandsaminga:

*Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapets innstilling til kommunestyre”.*

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følgje forskrifa leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen samla budsjett for 2015 vert vedteke.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemnd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport ”*85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*” er det gjeve slik tilråding:

- *Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.*

Budsjettframlegget er delt inn i hovudpunktene: utgifter til kontrollutvalet, kjøp av sekretariat- og revisjonstenester.

#### **Kontrollutvalet sine eigne utgifter**

Utgiften er vidareført som i inneverrande år. Budsjettet legg til grunn at det vert fire eller fem møte neste år. Talet på medlemmer er fem. Møta er på rådhuset på kveld. Enkel møtemat er budsjettet. Det er også lagt inn midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn.

#### **Budsjett for kjøp av sekretariatstenester**

Tysvær kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariattenestene for utvalet herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2015 i møte 28.04.14. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk. Kostnadene for Tysvær neste år er sett til kr 170.000, som er ei auke på 4 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

#### **Budsjett for revisjonstenester**

Kommunen har revisjonsavtale med KPMG AS. Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris. I anbodet blei det lagt opp til opsjon for kjøp av timer til forvaltningsrevisjon og andre kontroller med opptil 250 timer. Budsjettet i 2014 var på kr 410 000 og sekretariatet gjer framlegg at denne sum vert auke noko då leverandør har rett til å auke prisen årleg i takt med SSBs konsumprisindeks.

Å estimera kostnadane til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, er vanskelig. Dette grunna at kostnadane vil vera heilt avhengig av kor omfattande ein revisjon eller kontroll er. Revisor må sjå på til dømes kor omfattande ei bestilling er og kva som er eit realistisk timetal for det aktuelle prosjektet.

Prisar for forvaltningsprosjekt og selskapskontrollar innan kommunar på Tysvær sin storleik, kan til vanleg ligga på om lag kr 200 000,- til 250 000,- eks. moms. Dette er eit anslag vurdert ut frå andre kommunar Tysvær kan samanlikna seg med. Kostnad med eit prosjekt vil som nemnt avhenge av kva bestillinga inneheld.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt / selskapskontrollar, og at dei er nytige for kommunen, krevst det at økonomiske ressursar er tilstrekkelege.

Frå rapportena ”*85 tilrådingar*” bør ein merke seg:

*”Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.*

*Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.<sup>1</sup>*

Kommunestyret må såleis sørge for å gje kontrollutvalet tilstrekkelege rammer for å gjennomføra sine oppgåver, i tråd med lovverket og tilrådingane på ein god måte. Dette må gjelda både rekneskapsrevisjon, prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

### Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2015, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i 0. Det blir her sett opp eit samla budsjett på k 670.000 eks mva for kontroll og tilsyn for 2015.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørja for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.

Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Tysvær kommune for 2015 vert på i alt **kr 670.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	74.000
Kjøp av sekretærtenester (teneste 1100 art 13750)	kr	170.000
Kjøp av revisjonstenester (teneste 1100 art 13700)	kr	426.000

Aksdal, 02.09.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekreter

## BUDSJETT 2015

## INTERNT TILSYN OG KONTROLL I TYSVÆR KOMMUNE 2015

ART I KOSTRA	TEKST	KONTROLL- UTVALET	SEKRE- TARIAT	REVISJON (RR, FR, SK)	FRAMLEGG TILSYN OG KONTROLL 2015	UTVALET SITT FRAMLEGG 2014	Merk nader
080	Godtgjering til kontrollutvalget	29 900			29 900	29 900	2, 3
080	Tapt arbeidsfortjeneste	6 000			6 000	6 000	
099	Arbeidsgiveravgift	4 973			4 973	4 973	
<b>0</b>	<b>Lønnsutgifter</b>	<b>40 873</b>	-	-	<b>40 873</b>	<b>40 873</b>	
115	Serving	2 250	-	-	2 250	2 250	
140	Annonsering	-	-	-	-	-	
150	Kurs og opplæring	20 000	-	-	20 000	20 000	
160	Skyss og kostgodtgjering	7 000	-	-	7 000	7 000	
195	Kontingent	3 900	-	-	3 900	3 900	
<b>1</b>	<b>Andre utgifter</b>	<b>33 150</b>	-	-	<b>33 150</b>	<b>33 150</b>	
13701	Kjøp fra andre (private) KPMG			426 000	426 000	410 000	
3750	Kjøp av sekretariatstjenester fra IKS	-	170 000	-	170 000	164 000	5
<b>3</b>	<b>Kjøp av tjenester</b>	<b>-</b>	<b>170 000</b>	<b>426 000</b>	<b>596 000</b>	<b>574 000</b>	
	<b>TOTALT</b>	<b>74 023</b>	<b>170 000</b>	<b>426 000</b>	<b>670 023</b>	<b>648 023</b>	

## Merknader:

1. KOSTRA funksjon 110 Kontroll og revisjon skal brukes for samtlige utgifter i tabellen over i tråd med Hovedveileder
2. Det er lagt inn 5 møter i kontrollutvalget i kalenderåret 2014
3. Medlemstalet er 5 medlemmer, og godtgjeringa følger ordforar si godgjering
4. Det er lagt inn indeksregulert fastpris for reknesaksrevisjon og kjøp av timer til forvaltn.revisjon og selskapskontroll
5. Innebefatter sakshandsaming for kontrollutvalget, samt moteavvikling (inkl. innkalling og motreferat)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.09.14	16/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	14/216/tha

## REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

### Saksorientering:

Etter § 16 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar er det kommunestyret *sjølve*, etter innstilling frå kontrollutvalet, som avgjør type revisjonsordning kommunen skal ha og som gjer val av revisor dersom tenesta vert konkurranseutsett.

Tysvær kommunestyre vedtok i møte 27.03.12, sak 25/12:

*Tysvær kommunestyre vel revisjonsselskapet KPMG AS som kommunen sin revisor fra 01.07.12 – 30.06.15 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år.*

I etterkant er sekretariatet blitt kjent med at mange kommunar inngår 4-årige revisjonsavtaler med opsjon om forlenging med 1 år eller eventuelt 2 år.

Konkurranseutsetting av tenester er ei omfattande prosess. Konkurransegrunnlaget og tildelingskriteriene må utarbeidast og godkjennas av kontrollutvalet. Anbodet skal så kunngjøras på DOFFIN med rimelige frist og tilboda skal gjennomgåast. Innstillingssak skal skrivast og leggjast fram for kontrollutvalet og deretter kommunestyret. Inngåing av kontrakt ver skreve etter at vedtak ligg føre.

Normalt vil tidsforløpet ved ein anbodsprosess ta  $\frac{1}{2}$  -  $\frac{3}{4}$  år. Ved sist anbodsprosess var det oppstart på forsomaren 2011, anbodsfrist i august og politisk handsaming hausten 2011. På grunn av skifte av dagleg leiar ved sekretariatet og oppstart av ny periode etter kommunestyrevalet 2011, blei kontrakt med dei ulike revisjonsselskapa (4 selskap og 10 kommunar) først underskrevne våren 2012.

Røynslene med leveranse av revisjonteneste frå KPMG AS har etter sekretariatet sitt syn så langt vore gode. Sekretariatet har sendt framlegg om bruk av opsjon til uttale til administrasjonen. Det blei sett frist til 15.08.14, men sekretariatet har ikkje motteken nokon tilbakemelding

Sekretariatet vil gjere framlegg om at opsjonen vert nytta på bakgrunn av at ny anbodsrunde er ressurskrevjande. Vidare er det frå administrasjonen og sekretariatet si side ein fordel med ein viss kontinuitet. Partane er no kjede med kvarandre og det er etablert rutinar for samarbeidet.

Dersom opsjon vert nytta ser sekretariatet for seg at ny anbodsrunde vert igangsatt ved at konkurransegrunnlaget vert lagt fram for kontrollutvala våren 2015 og anbodene lyst ut som

konkurranse med forhandlingar på forsommaren. Denne anskaffingsprosedyren med forhandlingar blei nytta sist gong, og blei teke godt imot av alle partar. Sekretariatet vil tilrå at prosedyren også vert nytta ved neste konkurranseutsetting.

Innleverte tilbod vert lagt fram for kontrollutvala tidlig haust, før konstituerande val av nye representantar til ny kommunestyreperiode. Utvalet si tilråding vil då bli lagt fram for dei nyvalte kommunestyremedlemmane nov./des. 2015 og ny avtale med noverande eller ny leverandør vert gjort gjeldande frå 01.07.16.

Etter forskriften § 16 er det, som tidligare nemnt, kommunestyret *sjølv* som gjer val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet. Sekretariatet meiner det også må gjelde for bruk av opsjon, slik at saka vert vidaresendt til kommunestyret.

**SEKRETARIATET SI INNSTILLING:**

*Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjons-selskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.*

Aksdal, 28.08.14

Toril Hallsjø  
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	17/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	151	

## **TILSVAR – REVISJONSREV NR 2 - OPPFØLGING AV REVISORS MERNADER TIL ÅRSREKNESKAPET 2013**

**Vedlegg:**      1. Tilsvar – brev nr 2 - 2013 , dagsett 29.08.14  
                       2. KPMG sitt brev nr 2 – 2012 (årsoppgjersbrev, dagsett 20.05.14)

### **Bakgrunn**

Etter forskrift § 8 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir fulgt opp:

*«Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, .... , skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. «*

Grunnlaget for handsaminga av Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2013 var rekneskapen med notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding og årsoppgjersbrev.

Totalt sett blei rekneskapen for 2013 gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (driftsoverskot) på 3,1 mill kr. Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 41 mill. kr (inkl. momskompensasjon for investeringar), som utgjer 4,6 % av driftsinntektene eller korrigert netto driftsresultat med 17,5 mill. kr, som utgjer 2,1 % av kommunen sine driftsinntekter (fråtrekk av avtalt eigedomsskatt til Bokn kommune).

Revisor hadde ei såkalla rein melding, dvs utan etterhald eller presiseringar, men kontrollutvalet peika på at revisor har under revisjonen registrert forhold som var av så vesentleg karakter at desse straks trengte oppfølging frå leiinga.

Dette gjaldt forhold som mangelfulle avstemmingar og/eller manglante dokumentasjon. Vidare er det peika på brot på anordningsprinsippet for avdrag på lån, og at kommunen ikkje har økonomireglement, osv.

Sekretariatet skrev i saksframlegget at kontrollutvalet burde be om tilbakemelding frå administrasjonen på det revisjonen tok opp i årsoppgjersbrevet og også ta det inn i uttalen til kommunestyret.

Kontrollutvalet vedtok samråystes følgjande i sak 8/14:

***Kontrollutvalet vil på vegne av kommunestyret be om tilbakemelding innan 01.09.14 på dei forhold som er tatt opp i årsoppgjerbrevet og reknar med at forholda blir retta opp for årsrekneskapen for 2014.***

Årsoppgjerbrevet, dagsett 22.05.14, følgjer som vedlegg 2.

Forhold som vart tatt opp i årsoppgjersbrevet var følgjande punkter:


- internkontroll,
- generelt om vedr avstemming og dokumentasjon av balansen,
- avdrag på lån,
- regulering av budsjett,
- samordna økonomireglement,
- klassifisering av balanseposter og
- leiringa si oppfølging/kontroll.

Sekretariatet mottok kommunen sitt tilsvarende 01.09.14 og følgjer saka som vedlegg 1. Her blir dei forholda som revisor har teke opp nærmere kommentert for kvart kulepunkt med kva som er gjort eller vil bli gjort.

#### **SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Tysvær tar rådmannen sitt tilsvarende på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2013 til orientering.

Aksdal, 02.09.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekreterær



## Kontrollutvalet

v/ leiar Jacob Alstveit

Rådhuset

5570 AKSDAL

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Mottatt dato: 01.09.14  
Journalført: 14/273/the  
Arkivkode: 216

## TILSVAR REVISJONSREV 2

Rådmannen viser til melding til kommunestyret om rekneskapen 2013. I denne meldinga er det ikkje teke etterhald i høve til godkjennning av rekneskapen. Rådmannen ser sjølv sagt det som positivt, og det er også det heilt sentrale i høve til den samla vurderinga av rekneskapen.

Samstundes med denne melding til kommunestyret om at rekneskapen er godkjent utan etterhald, er det lagt fram eit brev – revisjonsrev 2 – som kontrollutvalet har handsama, og bede rådmannen gi eit tilsvar på. Dette brevet tek opp i seg punkter/merknader som revisjonen meiner kommunen må gjera greie for, og evt. vurdera tiltak for.

Rådmannen tek merknader revisjonen har til rekneskapen alvorleg, og vil her kort gjera greie for tiltak som er sett i verk, eller som er planlagt sett i verk, for å betre det biletet som kjem fram av punkta teke opp i revisjonsrevet.

I dette brevet vil dei ulike punkta bli kommentert for seg.

**Internkontroll**

Internkontroll, er etter rådmannens vurdering, det mest sentrale punkt som blir tatt opp i brev nr. 2. Og det er eit punkt som vil ha stort fokus framover.

Regnskapsavdelinga har tatt på alvor revisjonens merknadar om internkontroll, og dokumenterer nå alle avstemmingar med namn, dato på skjema som følgjer med dei forskjellige avstemmingsgruppene.

Økonomisjef og leiar drift økonomi hadde møte med revisjonen allereie 17. juni, med bakgrunn i revisjonsrevet, for å gå gjennom kva malar som revisjonen godkjenner og kva rutinar som ligg til grunn for månadsavstemming og periodeavstemmingar. På desse malane og rutinane dokumenterer me internkontroll og avstemmingar.

Heilt sentralt for møtet med revisjonen var å sikra at kommunen oppfattar rett det som revisjonen ynskjer å ha som grunnlag for sin revisjon. Det vil bli tatt kontakt inn mot revisjonen for å sikra dette fortløpende, og at kommunikasjonen blir forstått tovegs.

Punktet om internkontroll gjeld dei fleste emna som revisjonen tok opp om avstemming.

Postadresse:	Telefon kundetorg	Telefaks	E-mail-adresse:
Postboks 104, 5575 Aksdal	52 75 70 00	52 75 70 01	post@tysver.kommune.no
Org.nr.: 964 979 812	Telefon avdeling	Telefaks avdeling	

**Momskompensasjon:**

Utestående momskompensasjon på 21,8 millionar skuldast at Tysvær kommune er under revisjon frå skatteetaten. Denne revisjonen går på dokumentasjon av fysisk tilrettelegging av kommunale bustader. Her har vi fortsatt revisjon frå skatteetaten. Kommunen har fått utbetalt momskompensasjon for dei andre områda i kommunen, slik at uteståande beløp no er retta mot utgifter i kommunale bustader. Det er fleire andre kommunar som har den same revisjonen på momskompensasjonerterminane, og vi samarbeider med desse for å få svart på de punkta som fortsatt er under revisjon.

**Avdrag på lån:**

Revisjonen har teke opp at kommunen betalte 4 mill. kroner meir i avdrag enn budsjettet, og bokførte for mykje betalt avdrag som forskott på neste års avdragsbetaling, som skulle skje i januar 2014, og som skjedde i januar 2014. Formelt sett i forhold til anordningsprinsippet er denne merknaden korrekt, og rådmannen har ingen ytterlegare kommentar til denne.

**Regulering av budsjett:**

Dette punktet gjeld i hovudsak investeringsprosjekter som er vedtatt i tidligare år, og som kjem til realisasjon i rekneskapsåret. Dette kan gjelda investeringsbudsjett vedtatt fleire år tilbake, men dei fleste prosjekta ligg 1 til 2 år tilbake. Utgangspunktet då er rebudsjettering i kommunestyret. Dette er ein krevjande bestemmelse som departementet har bestemt skal gjelda.

Økonomiavdelinga arbeider framleis med å finna gode verktøy som gjer at denne bestemmelsen kan gjerast til praksis, ikkje minst utan at det blir byråkratiserande. Gode dømer frå kommunar som kan ha fått dette til på ein god måte, vil vi sjå på. Om revisjonen gjennom sin kontakt med andre kommunar har slike dømer, ville vi setja pris på å få kunnskap om desse. Målet er å få dette til.

**Samordna økonomireglement**

Kommunestyret har vedtatt eit budsjett- og økonomireglement. I tillegg er det vedtatt eit finansreglement. Begge reglementer er del av eit samordna økonomireglement; dette samordna økonomireglementet har vi ikkje hatt på plass i skriftleg dokumentet form, men i praksis blir likevel daglig virke gjennomført med rutinar som er i bruk og som virkar.

Økonomikontoret er godt i gang med både kvalitetshandbok og økonomireglement. Økonomikontoret arbeider løpende med eit samordna økonomireglement gjennom hausten. Element vil vera klare etterkvar. Målet er å ha eit samordna økonomireglement vedtatt til mars 2015, dersom denne saken skal handsamast av kommunestyret.

Kvalitetshandboka er allereie publisert saman med resten av kommunen, og dei prosederer og rettleiingar som manglar vil bli publisert etter kvart som dei er godkjende.

**Klassifisering av balanseposter**

Omklassifisering vart utført umiddelbart etter at vi mottok brev nr 2.

**Oppsummering**

Rådmannen ser fram til eit konstruktivt samarbeid med revisjonen, og at vi får til å spela på lag i målet om godt fungerande regnskapsoppfølging. Heilt sentralt er å sikra at det løpende er god kommunikasjon gjennom året, og at mykje kan avklarast i ein tidlegfase.

Med helsing

Arvid S. Vallestrand  
rådmann

Tor Leif Helgesen  
økonomisjef



**KPMG AS**  
Karmsundgata 72  
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063  
Fax +47 52 70 37 70  
Internet www.kpmg.no  
Enterprise 935 174 627 MVA

VEDLEGG 2  
SAK 17/14

Kontrollutvalget i Tysvær kommune  
c/o Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS  
Postboks 57  
5575 Aksdal

Deres ref

Vår ref Roald Stakland

20. mai 2014

**Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariat IKS**  
Mottatt dato: **22.05.14**  
Journalført: **14 /206 /tha**  
Arkivkode: **212**

## Tysvær kommune - brev nr. 2

Vi har nå revidert årsoppgjøret for Tysvær kommune og ønsker i den anledning å gi våre innspill og kommentarer til ledelsen i selskapet ved revisjonen for 2013.

Formålet med revisjon er å uttale oss om regnskapet på grunnlag av det revisjonsarbeidet vi har utført. Vi har kontrollert utvalgte deler av kommunens rutiner. Disse kontrollene må ikke oppfattes som kontroller for å avdekke feil eller uregelmessigheter som er uvesentlige for regnskapet. Av denne grunn kan misligheter på grunnlag av svakheter i regnskapssystem og den interne kontrollen forekomme uten at våre tester avdekker disse.

Vi har ved vår revisjon registrert forhold som vi mener er av en så vesentlig karakter at de umiddelbart trenger oppfølging fra ledelsen i kommunen. Disse forholdene er oppsummert nedenfor.

## Internkontroll

Vi har registrert enkelte viktige forskjeller mellom det internkontrollnivået kommunen selv oppfatter at de har og de kontroller som faktisk har blitt utført. Enkelte viktige kontrolloppgaver er kun blitt utført av og til, mens andre kontolloppgaver ikke er blitt utført på en slik måte at de er egnet til å avhjelpe den risikoen de var ment å dekke. I første rekke gjelder dette avstemming av bank og kontanter, merverdiavgiftskompensasjon, lønn og offentlige avgifter og anleggsmidler.

Blir kommunens intern kontroll ikke forbedret på disse områdene, vil dette kunne medføre betydelig revisjonsmessig merarbeid i årsoppgjøret, med påfølgende økt revisjonshonorar. Avvikene vil også kunne resultere i forbehold i revisjonsberetningen.

### Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Alta	Knarvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Straume
Bodø	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnset	Narvik	Tønsberg
Grimstad	Røros	Ålesund
Hamar	Sandefjord	

Vi anbefaler at rutiner og interne kontrolltiltak gjennomgås og endres, slik at disse virker som forutsatt.

### **Generelt vedrørende avstemming og dokumentasjon av balansen (bokføringsloven)**

Vi har observert at det er mangelfull avstemming og dokumentasjon av eksempelvis bank, merverdiavgiftskompensasjon, lønn og offentlige avgifter og anleggsmidler.

#### *1. Bank og kontantbeholdninger:*

Vi har avdekket svakheter i den løpende avstemming av kommunens bankkonti. Dokumentasjon av løpende bankavstemming er ikke tilfredsstillende da det ikke utarbeides dokumentasjon som verifiserer kommunens bokførte beholdning mot ekstern dokumentasjon.

Kommunen har flere kontantkasser. I henhold til bokføringsforskriften § 6-2 skal kontantbeholdning telles ved årets slutt. Vi har ved vår revisjon ikke mottatt kasseopptellingsskjema for samtlige av de bokførte beholdningene, og i de tilfellene hvor kasseopptellingsskjema er innhentet er det avdekket flere tilfeller av manglende samsvar mot bokført beløp.

#### *2. Merverdiavgiftskompensasjon:*

Vi har avdekket svakheter i den løpende avstemming av merverdiavgiftskompensasjon. Ved årets slutt er det også avdekket at fordring på til gode mva. er bokført på gjeldskonto i stedet for fordringskonto. Total feilklassifisering er MNOK 21,8 som tilsvarer til gode for termin 4, 5 og 6. Årsaken til at termin 4 og 5 fortsatt var utestående per 31.12.13 var at kommunen var gjenstand for avgrenset rutinekontroll fra Skatteetaten, og beløp til gode blir derfor holdt tilbake frem til kontroll er avsluttet.

Vi registrerer at kommunen er i besittelse av de nødvendige verktøy for avstemming, men at disse ikke benyttes.

Manglende terminvise avstemninger øker risiko for feil vedrørende bokføring og innberetning av merverdiavgiftskompensasjon.

#### *3. Lønn og offentlige avgifter:*

Vi har avdekket svakheter i den løpende avstemming av offentlige avgifter (skattetrekk og arbeidsgiveravgift). Forholdet ble kommunisert muntlig til økonomiledelsen per interimsrevisjon, forholdet var likevel ikke rettet opp per årsslutt.

Manglende terminvise avstemninger øker risiko for feil vedrørende bokføring og innberetning av offentlige avgifter. Per 31.12.13 er det også avdekket at kommunen enda ikke har innfridd hele kravet for arbeidsgiveravgift termin 6 i 2012, MNOK 2,9.

Videre ble det per årsslutt observert at selskapet ikke har fylt ut kontrolloppstilling. Vi anbefaler at dette gjøres for å sikre tilstrekkelig kontroll og korrekt behandling av lønnskostnader.

### Avdrag på lån

Vi har observert at kommunen beregner minimumsavdrag ut fra en justert forenklet formel. I henhold til den anbefalte formelen skal det ved beregning av avdrag for 2013 benyttes balansetall per 01.01.13. Kommunen har benyttet tall per 31.12.13 justert for ubrukte lå nemidler. Våre kontroller viser at det uansett er betalt tilstrekkelig minimumsavdrag. Vi anbefaler allikevel at kommunen innretter seg etter den anbefalte beregningsmåte.

For 2013 er det betalt ca. MNOK 4 mer i avdrag enn det som var budsjettet. Kommunen har valgt å føre dette avviket som fordring i balansen, og har dermed redusert sin utgift med samme beløp. Vi kan ikke se at denne behandlingen er i tråd med KRS 3 punkt 3.2 nr. 2:

*"Avdrag på kommunale innlån skal etter anordningsprinsippet utgiftsføres på transaksjonstidspunktet, dvs. på det tidspunkt kommunens gjeldsforpliktelse overfor kreditor faktisk reduseres. Utgiftsført avdrag må likevel minst tilsvare minimumsavdrag etter kommuneloven § 50 nr. 7 a)..."*

Denne feilen medfører at kommunens driftsregnskap går fra å vise et merforbruk på ca TNOK 900 til et mindreforbruk på TNOK 3 140. Vi har etter en totalvurdering valgt å ikke innta et forbehold i vår revisjonsberetning, men anbefaler at anordningsprinsippet for fremtiden følges.

Vi har også sett områder hvor kommunen bør vurdere å endre sine rutiner. Disse forholdene er oppsummert nedenfor.

### Regulering av budsjett

Kommunen plikter å utarbeide årsbudsjett. Budsjettet skal være realistisk jf. kommuneloven § 46. I henhold til kommuneloven § 47 og forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner) § 11 er kommunen pliktig å foreta endringer i budsjett ved behov. Dette innebærer krav til løpende rapportering gjennom året, gjennomføring av budsjettendringer og rebudsjettering.

Gjennomgang av kommunens rutiner for regulering av budsjett har avdekket svakheter. På noen områder er det til dels store avvik mellom regnskapstall for 2013 og regulert budsjett. Vi anbefaler at kommunen etablerer rutiner som sikrer tilstrekkelig ajourhold av budsjettet, slik at dette i størst mulig grad gjenspeiler realitetene og samsvarer med regnskapet.

**Samordnet økonomireglement**

Ved fjorårets revisjon ble det anbefalt utarbeidet samordnet økonomireglement. Vi har gjennom samtaler med kommunens økonomiledelse fått beskjed om at slike økonomireglement er under planlegging. Vi anbefaler at denne prosessen fullføres så raskt som mulig.

**Klassifisering av balanseposter**

Gjennom vår revisjon har vi avdekket flere tilfeller av feilklassifikasjon av balanseposter (gjeld balanseført som fordring og motsatt). I hovedsak gjelder dette premieavvik knyttet til pensjon og merverdiavgiftskompensasjon (som nevnt ovenfor). Feilklassifisering av disse to postene gir totalt sett en balansesum som er MNOK 47,4 lavere enn det som er reelt. Vi anbefaler at kommunen gjennomgår balansen i sin helhet og utfører de nødvendige reklassifiseringer.

**Ledelsens oppfølging/kontroll**

Vi har observert at flere av de forhold som ble påpekt som svakheter i fjor fortsatt ikke er rettet opp (for eksempel avstemninger). Det er vår mening at økonomiledelsen i kommunen bør ta et større ansvar og utarbeide rutiner for oppfølging og kontroll som sikrer tilfredsstillende dokumentasjon til enhver tid.


Vi takker for samarbeidet med administrasjonen i kommunen.

Kommunen plikter etter bokføringsloven § 13 å oppbevare de nummererte brevene fra revisor på linje med annet regnskapsmateriale.

Om det er spørsmål eller kommentarer til forholdene vi tar opp ber vi om å bli kontaktet.

Med vennlig hilsen

KPMG AS



Roald Stakland

Partner

*Statsautorisert revisor*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	18/14
Kommunestyret	23.09.14/ 28.10.14	
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	216	

## FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «BUDSJETT- OG ØKONOMISTYRING I TYSVÆR KOMMUNE»

**Vedlegg:** Rapport – Forvaltningsrevisjon – Budsjett- og økonomistyring - Tysvær kommune – utarbeida av KPMG AS

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet vedtok i møte 11.02.14, sak 10/14 følgjande:

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet "Budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune" i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå KPMG.*

*Ramma vert sett til 200 timer.*

Budsjett- og økonomistyring er eit prioritert tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, som vart vedteke i kommunestyret 18.12.12. I den overordna analysen til planen står det at i økonomiplanen for 2013-2016 er det rådmannens framlegg å ha ei samla innsparing i perioden på 55 mill. kroner, noko som vil medføre ei svært omfattande omstilling, og vil innebera krevjande prosessar.

Revisor foreslo i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet ville vere å å undersøke om kommunen, i tider med store krav til innsparinger i kommunebudsjettet, har system og rutinar som legg til rette for å følge opp lovpålagde krav og sikrar ei tilfredsstillande økonomistyring. Vidare er det eit føremål å undersøke i kva grad dette vert etterlevd – om praksis er i samsvar med lovpålagde krav og kommunen sitt eige system for økonomistyring. Ved eventuelle identifiseringar av avvik, ville revior foreslå forbetingstiltak.

Prosjektet er avgrensa til å gjelde kommunen sitt driftsbudsjett, der hovudfokuset har vore på budsjett for 2013 og tilhøyrande rapporteringar. For å svare på problemstilling 1 kjem dei og å gjennomgått budsjett og rekneskap for 2011 og 2012.

Forvaltningsrevisjonen skulle gje svar på følgjande tre hovudproblemstillingar:

### 1. Korleis er den økonomiske situasjonen i Tysvær kommune?

- Korleis er situasjonen per i dag?
- Korleis har situasjonen utvikla seg dei siste åra?
- I kva grad har det vore samsvar mellom budsjett og rekneskap dei siste tre åra?

**2. I kva grad har kommunen system og rutinar for å sikre tilfredsstillande økonomistyring?**

- Kva retningslinjer/instruksar har kommunen for utarbeiding og revidering av budsjett?
- Kva rapporteringsrutinar har kommunen?
- Korleis blir avvik definert og handtert?
- I kva grad er kommunen sine system og rutinar i samsvar med lovpålagte krav?

**3. I kva grad har kommunen tilfredsstillande økonomistyring i praksis?**

Under problemstilling 3 vil forvaltningsrevisjonen mellom anna belyse i kva grad:

- er den praktiske økonomistyringa i samsvar med lovpålagde krav?
- er den praktiske økonomistyringa i samsvar med kommunen sine system og krav?

KPMG har med dette som utgangspunkt gjennomført prosjektet og rapporten følgjer saka som vedlegg.

Rapporten har vore på høyring til rådmannen, og han skriv i sin uttale oversendt 01.09.14 .

*Det er over tid lagt ned eit omfattande arbeid med betre budsjett- og økonomistyring i Tysvær kommune, og rådmannen finn at forvaltningsrevisjonsrapporten stadfestar at vi er på rett veg i dette arbeidet og at mykje fungerer godt.*

*Kommunen har eit økonomireglement der kommunestyret vedtar netto driftsrammer for resultatområde og stabar, og der dagleg drift i stor grad er delegert til rådmannen/ tenesteleiarane. At det på eit overordna rammenivå har vore godt samsvar mellom budsjett og rekneskap, viser at dette i hovudsak fungerer godt og motiverande.*

*Forholdsvis store avvik mellom budsjett og rekneskap på enkeltpostnivå er likevel eit viktig utfordringsområde, slik det går fram av forvaltningsrevisjonsrapporten. Rådmannen er innforstått med dette, og har i budsjett/økonomiplan 2014-2017 føresett eit vidare arbeid med grundigare budsjettering på postnivå, meir detaljert rapportering og tettare oppfølging undervegs i budsjettåret.*

*Revisjonen har peika på at når kommunen nå ønskjer å styre økonomien på meir detaljert nivå, bør kommunen sine rutinar knytt til rapportering, avvikshandtering og iverksetting av tiltak dokumenterast betre. Det blir også tilrådd at kommunen prøver å utarbeide ein felles definisjon på kva som er prioriterte økonomiavvik. Dette vil rådmannen/ økonomikontoret arbeide vidare med i samband med innføring av nytt kommunedekkande kvalitetssystem med avviksmodul. Kvalitetssystemet vart opna i august 2014, og skal ta opp i seg gjeldande og nye retningslinjer og rutinar også på økonomiområdet.*

**Rapporten**

Rapporten inneholder innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn. Her kjem også revisor sine tilrådingar fram. Føremål, metode og revisjonskriteria vert presentert i kapittel 1. Fakta vert presentert i kapittel 2. I kapittel 3 følgjer vurderinger og tilrådingar. Uttale frå rådmannen er teke inn i kapittel 4.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

- For det første vil vi tilrå kommunen å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som har blitt nemnt under datainnsamlinga, eksempelvis meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid/inkludering. Samla sett er det vår vurdering at tiltak vil bidra til betre styring for kommunen.
- Deretter vil vi tilrå kommunen å etablere meir formaliserte og etterprøvbare ruitnar enn kva som er tilfelle i dag, og det gjeld særleg rapporteringsrutine for månadsrapportering. I rutinen kan ein eksempelvis inkludere rettleiing til tenesteområdeleirrar og sekjonsleiarar om kva som skal rapporterst og korleis det skal gjerast. Vi oppmøder vidare kommunen om å halde fram med dei gode rapporteringsrutinane som kommunen har etablert. Under datainnsamlinga blei det uttrykt av fleire kor nyttig dei synes at månadleg rapportering er.
- Vi tilrår og at kommunen i arbeidet med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva. På sikt bør målet vere at behovet for å utføre budsjettjusteringar og omperiodiseringar vert redusert.
- Vidare tilrår vi at kommunen forsøker å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og at ein deretter kommuniserer dette ut til alle som har eit økonomiansvar. I definisjonen kan det eksempelvis kome fram kva som er eit avvik som bør rapporterast. Dette kan vere nyttig no som kommunen ynskjer å jobbe meir systematisk med tiltak samt styre økonomien på eit meir detaljet nivå.
- Vår siste tilrådring er at kommunen i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak. Her er det viktig at ein i større grad utdjuper i rapportar kva tiltak som skal setjast i verk, kven som er ansvarlig og når tiltaket er venta å vere ferdig. Det kan og vere hensiktsmessig i ettertid å evaluere verknaden av tiltaka, for å sjå om tiltaka har ønska effekt.

#### Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjera vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar.

Kontrollutvalet er pålagd en oppfølging av kommunestyret sitt vedtak knytt til rapporten jfr Kontrollutvalfsforskrifta § 12, slik at Tysvær kommune blir bedt om å gje ei tilbakemelding på vidare arbeid om cirka eit halvt år etter vedtak i kommunestyret.


Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saken. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angående forvaltningsrevisjon.

Det vert vist til vedlagt rapport med innarbeida uttale frå rådmannen.

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL  
KOMMUNESTYRET:**

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Budsjett- og økonomistyring – Tysvær kommune 2014» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar, som:
  - *å halde fram med dei planlagde tiltaka kring økonomistyring som meir detaljert administrativ rapportering, betre periodisering og betre samarbeid,*
  - *å etablere meir formaliserte og etterprøvbare rapporteringsrutinare for månadsrapportering.*
  - *med å få eit budsjett som samsvarer betre med rekneskapen, etablerer rutinar for korleis budsjettjustering og omperiodisering skal utførast og kven som er ansvarleg for kva.*
  - *å utarbeide ein felles definisjon/norm på kva som er eit avvik, og deretter kommunisere dette ut til alle som har eit økonomiansvar,*
  - *i større grad prioriterer avvikshandtering og då særleg fokus på det å setje i verk tiltak.*
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 02.09.14



Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekreter

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	09.09.14	19/14
Kommunestyret		
<b>Saksansvarleg:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsak:</b>
Toril Hallsjø	217	

## INVITASJON - SELSKAPSKONTROLL - HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGSPARK AS - PROSJEKTPLAN

**Vedlegg:** Prosjektplan – Selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS fra Deloitte AS - **to versjoner** (side 21 om timefordeling: ikkje off. Off 1 § 13, jf. § Fvl 13) Vert lagt ved som eige vedlegg.

**Bakgrunn:**

Kommunane er pålagt å utføre selskapskontroll av eigne selskap, jf. kommunelova § 77.5. Bestillerfunksjonen er lagt til kontrollutvalet i kommunane.

Haugaland Kraft AS med datterselskap er med i alle av eigarkommunane sine planar for selskapskontroll for inneverande periode. Selskapet er kommunalt heileigd av 7 kommunar på Haugalandet. Haugaland Kraft AS har eit heileigd datterselskap, Haugaland Næringspark AS. I tillegg har Haugaland Kraft AS eigardelar i 10 ulike selskap.

Spørsmålet om selskapskontroll vert no tatt opp med kontrollutvala i alle eigarkommunane med sikte på å gjere ei samordna gjennomgang.

Karmøy kontrollutval bad i møte 11.06.14, sak 20/14 om at det ble lagt fram utkast til prosjektmandat for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Haugaland Kraft AS inkludert datterselskap til deira fyrste møte til hausten. Selskapet er blant dei prioriterte i plan for selskapskontroll i Karmøy 2012-2016.

Vidare vedtok Karmøy kontrollutval følgjande i sak 20/14:

*Karmøy kontrollutvalg ønsker å invitere de andre eierkommunene til å delta og sekretariatet får ansvar for å legge fram invitasjon og utkast til prosjektmandat til behandling i de øvrige kontrollutvalgene til høsten.*

**Prosjektmandat:**

Deloitte AS har oversendt utkast til korleis prosjektet kan gjennomførast den 19.08.14, sjå vedlegg. Prosjektplanen er i to versjonar, ein kor timefordelinga er ikkje offentleg (Off. § 13, Fvl § 13).

Hovedformålet med selskapskontrollen vil vere å undersøke og vurdere om Haugaland Kraft AS og datterselskapet Haugaland Næringspark AS har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.

Følgjande problemstillingar vil bli undersøkt:

- 1. I hvilken grad har eierkommunene utarbeidet eierstrategier eller andre føringer for Haugaland Kraft?*
- 2. Hvordan samhandler eierkommunene når det gjelder eierstyring og oppfølging av Haugaland Kraft?*
- 3. Hvordan er styrrepresentantene valgt og i hvilken grad er det stilt bestemte krav til kvalifikasjoner o.l.?*
- 4. Hvordan blir eierkommunene informert om driften og utviklingen i selskapet og datterselskapet?*
- 5. Er det en tydelig rolle- og ansvarsfordeling mellom eiere, styret og selskapets daglige ledelse i Haugaland Kraft og i Haugaland Næringspark?*
- 6. I hvilken grad blir krav, retningslinjer og anbefalinger fra eierne og KS fulgt opp av Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark?
  - a. Driver selskapene i samsvar med vedtekten og sentrale krav/føringer fra eierkommunene?*
  - b. Følger selskapene opp sentrale anbefalinger fra KS?**
- 7. I hvilken grad har Haugaland Kraft etablert en tilfredsstillende styring av datterselskapet Haugaland Næringspark?*
- 8. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark etablert system og rutiner for å sikre at selskapet driver i samsvar med sentrale bestemmelser i aksjeloven?
  - a. I hvilken grad gjennomfører selskapene generalforsamlinger i samsvar med bestemmelser i aksjeloven?*
  - b. I hvilken grad utøver selskapsstyrene sitt tilsynsansvar i samsvar med bestemmelser i aksjeloven?**
- 9. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugaland Næringspark system og rutiner som bidrar til å sikre en økonomisk forsvarlig drift av selskapet?
  - a. I hvilken grad har selskapene etablert rutiner for utarbeidelse og oppfølging av budsjetter?*
  - b. I hvilken grad gjennomfører selskapene risikovurderinger i forbindelse med større investeringar?**

c. I hvilken grad har selskapene etablert rutiner for utarbeidelse og oppfølging av budsjett i større prosjekter?

d. Har selskapene hatt en økonomisk utvikling i samsvar med eierne sine uttrykte forventninger?

**10. I hvilken grad har selskapene etablert retningslinjer for innkjøp?**

**11. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugland Næringspark etablert retningslinjer som bidrar til å sikre etisk atferd og å unngå økonomiske misligheter?**

a. Hva omfatter selskapenes etiske retningslinjer og hvordan er disse gjort kjent blant de ansatte?

b. I hvilken grad blir det gjennomført risikovurderinger knyttet til farene for økonomiske misligheter?

c. I hvilken grad er det etablert rutiner og kontroller knyttet til å forhindre og eventuelt avdekke økonomiske misligheter?

d. Er det etablert rutiner for varsling og hvordan er eventuelt disse gjort kjent blant de ansatte?

**12. I hvilken grad Haugaland Kraft etablert retningslinjer når det gjelder kjøp av eierdeler i andre selskap og hvordan blir eventuelt disse etterlevd?**

a. I hvilken grad blir det gjennomført risikovurderinger knyttet til kjøp av eierdeler i andre selskaper?

b. I hvilken grad blir eierkommunene involvert ved kjøp av eierdeler i andre selskaper?

c. I hvilken grad sikrer Haugaland Kraft at selskap som en har eierdeler i har retningslinjer som bidrar til å sikre etisk atferd og å unngå økonomiske misligheter?

**13. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugland Næringspark etablert retningslinjer knyttet til sponsing, og i hvilken grad blir disse etterlevd?**

**14. I hvilken grad har Haugaland Kraft og Haugland Næringspark system og rutiner som bidrar til å ivareta systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid (HMS) i samsvar med bestemmelser internkontrollforskriften?**

**15. I hvilken grad har selskapet gjennomført ROS analyse og utarbeidet en beredskapsplan i samsvar med beredskapsforskriften?**

a. I hvilken grad er avvik som ble avdekket i NVE (Norges Vassdrags- og Energidirektorat) sitt tilsyn av Haugaland Kraft i mars 2014 blitt fulgt opp av selskapet?

*(Tilsynet var knyttet til krav i energiloven, energilovforskriften og beredskapsforskriftene)*

### Avgrensing

I selskapskontrollen vil revisjonen ikkje legge særleg vekt på den enkelte eigarkommunes eigarskapsforvaltning. Fokuset i denne kontrollen er på selskapet og utvalte tilhøve knytte til drifta av selskapet. Dersom kontrollutvala ønskjer at revisjonen skal gjennomføre ei breiare kontroll av eigarskapsforvaltninga i den enkelte kommune, kan prosjektet utvidast til å omfatte ytterligare problemstillingar knytte til dette.

Det visast nærmere om metode i planens kapittel 2. Av metodar som vil bli nytta er det nemnt dokumentanalyse, intervjuar og verifikasiing og høyring, mellom anna til kommunens generalforsamlingsrepresentantar.

Nærare om revisjonskriteriene kjem fram i kapittel 3.

### Tid og ressursbruk

I følgje kapittel 4 om tid og ressursar legg Deloitte AS opp til å gjennomføre prosjektet innanfor ei tidsramme på 380 timer.

Kostnaden for gjennomføring av selskapskontrollen blir foreslått fordelt i samsvar med eigardel i selskapet, og endeleg timefordeling blir klårgjort når talet på eigarkommunar som vil delta i prosjektet er blitt avklart.

Haugaland Kraft AS er eigmaktig av følgjande kommunar (eigardel er i parentes og vil kunne gje følgjande timefordeling):

- Karmøy (44,84 % / 170 timer - 27.03.14)
- Haugesund (31,97 % / 121 timer – 03.09.14)
- **Tysvær (9,80 % / 38 timer – 09.09.14)**
- Vindafjord (6,85 % / 26 timer – 16.09.14)
- Sveio (5,05 % / 19 timer – 16.09.14)
- Bokn (1,08 % / 4 timer – 04.09.14)
- Utsira (0,41 % / 2 timer - 19.09.14)

Dei andre utvala skal ha møta sine i august/september og vil bli få invitasjon og prosjektplana, og få høve til å komme med innspel til prosjektplana.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er ca. 250 timer pr år ut frå det kommunestyret ha gjeve i budsjett for 2014. Tysvær kontrollutval har så langt i 2014 brukt 200 timer til bestilt forvaltningsrevisjonsrapport. Tysvær sin del ligg dermed innanfor budsjettet og må kunne aksepteraast.

Oppstart kan skje medio september 2014 og ferdigstillast for oversending til kontrollutvala v/sekretariatet medio februar 2015. Dette krev at selskapa og kommunen/kommunane innan avtalte fristar sender inn all etterspurt dokumentasjon, at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju, samt at selskapa gjer tilbakemelding på rapportutkast ved verifikasiing og høyring.

Rapport vil da bli lagt fram for kontrollutvala til handsaming i mars/april, og det blir lagt opp til handsaming i kommunestyret i april/mai 2015.

Kontrollutvalet må før bestilling ta stilling til om dei føreslått problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønsker å oppnå med prosjektet.

Sekretariatet gjer merksam på at Deloitte AS òg er rekneskapsrevisor for Haugaland Kraft AS, men at dette i seg sjølv ikkje er grunn nok til at selskapet ikkje kan pota seg å gjennomføre ein selskapskontroll. Denne praksis er tilsvarande den som blir brukt når utvalet bestiller forvaltningsrevisjonar av kommunale einingar som selskapet har revidert rekneskapen for.

**Konklusjon:**

Sekretariatet vil tilrå at den framlagte prosjektplanen blir godkjent. Karmøy kontrollutval har gjeve uttrykk for at dei ønsker å gjennomføre prosjektet uansett andre eigarkommuners deltaking. Sekretariatet er av den oppfatning at dei ovannemnte 15 problemstillingane på ein god måte dekker spørsmål som vil vere av interesse for alle eigarkommunane, og kostnadene bør dekkast i fellesskap.

Eventuelle endringar/tillegg som utvala måtte ønske vil bli forsøkt innarbeida i den endelege prosjektplanen. Sekretariatet har gjort framlegg om at utvalsleiarane i dei to største eigarkommunane (Karmøy og Haugesund) får hovudansvar for den endelege prosjektplanen og gjennomføringa av prosjektet.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Tysvær kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).
2. Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.
3. Tysvær kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timefordeling og gjennomføring av prosjektet.

Aksdal, 02.09.14

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekreter